


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
NOVEMBER 2022**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 15. november kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 24. november.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



Hei, gode sambygdingar!

Sinnsjukt med vatn! Ja det regnar godt for tida! Før vart ein lei av det, nå opplever eg snarare tvert imot at folk likar det. Billigare straum seier dei. La oss håpa på det, seier eg.

Mykje har skjedd sidan sist. Statsbudsjettet kom - som venta - innsparingar og innstrammingar for å imøtekomma inflasjon og ytterlegare renteaukingar. Men for Bjerkreim starta det bra. Vi fekk skatteendringar på vindkrafta, som gir kommunen gode inntekter for kommande generasjonar.

Produksjonsavgifta blir auka, skattlegging av naturressursar og grunnrente blir innført - alt i alt bra for Bjerkreim kommune.

Rammeoverføringane frå staten til kommunen aukar også. Og alle desse aukingane skulle tilseie at vi burde landa eit budsjett utan problem i år? Ja, heilt fram til linja om Husbanken kom oss for «auga»! I 2023 er tilskota vi har berekna til nytt omsorgssenter frosen. Det treng ikkje vera kritisk, men i dag opplever eg det som eit skot for baugen. Nå må vi jobba på fram mot stortingsbehandlinga for å påverka politikarane i Oslo til å snu i tide. Eg skal i alle fall bruka mine kanalar så godt eg kan for å endra det som endrast kan.

Som de sikkert las i Dalane Tidende varsla eg tidleg nominasjonskomiteen i Bjerkreim Senterparti at eg ikkje tek attval som toppkandidat og ordførarkandidat i partiet. Det gjer meg vondt å ikkje kunne ta fatt på ein ny periode. Men etter neste sommar har eg hatt åtte år i kommunestyre, og vore delaktig i partiet sidan 2013. Då var den minste guten min eit år, nummer to var ikkje kommen ut, og nummer tre var i alle fall ikkje påtenkt! ;-)

Det er av omsyn til familien at eg ikkje «maktar» å rå øve ein fireårsperiode til på dette tidspunktet. Men, eg har eitt år igjen. Og mykje er ugjort. Bjerkreim kommune har mykje på gang. Eg håpar eg skal få landa eit lass til av gilde saker for kommunen. Vi har fått til mye allereie denne kommunestyreperioden. Mitt mål for tre år sidan var å gjera ein forskjell, og ikkje vere redd for å gjere det ein har tru på, uansett om det ikkje «gjer alle til lags».

Det blir også min Akilles i denne avgjerda. Eg hadde aldri trudd eg sko få så mange «uvenner» av å sitja som ordfører i mitt kjære Bjerkreim. Å skilja sak og person er ikkje ei enkel sak. Men eg vil oppfordra alle som har politikarar som vener eller familie til å takka dei for jobben dei gjer. Det er faktisk slik at vi «må» meina noko om alt og alle, og «til lags åt alle kan ingen gjera»

Eg skal om eit år ha ein mykje koselegare «takk for meg» i Bjerkreimsnytt. Men eg følte likevel det var rett å bruka litt spalteplass denne gongen på ein tung avgjerd for meg personleg.

Takk for alle gode støttemeldingar og ihuga forsøk på å snu avgjersla. Det gir meg tolv gir ekstra for alt vi skal få til før valet i 2023.

Vennleg helsing, *Kjetil Stetteba*

POLITISKE MØTE

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

Kommunestyre:	Tysdag	01.11.	kl 19.00
Kontrollutval:	Måndag	07.11.	kl 14.00
Fellesrådet:	Torsdag	17.11.	kl 13.00
Gruppemøter:	Måndag	21.11.	kl 19.00
Formannskap	Tysdag	22.11.	kl 13.00
Ungdomsrådet	Tysdag	22.11.	kl 17.00
Levekårsutval:	Onsdag	23.11.	kl 13.00
LMT-utval:	Onsdag	23.11.	kl 19.00

LEDIGE ANNONSEPLASSER I BJERKREIMSNYTT

Det er ledig annonseplass i Bjerkreimsnytt. En stor annonse på baksida og en liten på side 7 er ledig i 2023. Priser:

Kr 5900,- for stor annonse for heile året

Kr 2950,- for liten annonse for heile året

Prisen er uten mva. Design er ikke inkl.

Vennligst ta kontakt med Ingunn Ognedal, ingunn.ognedal@bjerkreim.kommune.no

om du er interessert i å annonsere.

Frist: 1. desember (loddrekking ved flere interesserte)



MÅNEDENS SANGER

Det blir avslutningskonsert med allsang for dette prosjektet i januar. Begynn gjerne å øve allerede nå, så du kan alle sangene og kan synge med. Dersom du har mistet noen av sangene, kan du kontakte kulturkontoret på til 988 80 147 og få en ny kopi. Oversikt over alle sangene:

- Bjerkreimssangen
- Jeg vil male dagen blå
- Jeg snører min sekk
- Dine hender er fulle av blomster
- Kom, mai, du skjønne, milde
- Det går et festtog gjennom landet
- Norge i rødt, hvitt og blått
- Aks av gull
- Vi skal ikkje sova bort sumarnatta
- Lille Idas sommervise
- Sommersalme (Så grøn en drakt, så rik en duft)
- Kom, skal vi klippe sauen i dag
- Markens - vals
- Så lenge hjertet banker
- Smilet i ditt eget speil
- Kamilla og Sebastian
- Optimist
- Stopp, ikkje mobb
- Drøm noe godt
- Danse i en ring
- Har du fyr
- Bare så du vett det
- Setja meg på sullarkrakk
- Ei krybba i Betlehems stall
- Jul i Svingen

OFFENTLEG SYMJING

Ring 404 44 955 for å reservere plass!

Velkommen til symjehallen på Vikeså skule, kvar laurdag frå 22.10. t.o.m 17.12.

Oppstart etter nyttår 7. januar 2023.

Maks 15 personar får plass i kvar badegruppe for vaksne, maks 25 pr. gruppe på familiebadning. Gratis adgang. Hugs badehette. Bleiebarn må bruke badebleie.

Opningstider:

Kl 10.00 - 10.45 Vaksne over 18 år (Garderobe frå 09.45)

Kl 10.45 - 11.30 Vaksne over 18 år

Kl 11.30 - 12.15: Familiebadning

Kl 12.15 - 13.00: Familiebadning

Kl 13.00 - 13.45: Familiebadning

Lister vert lagt ut i gangen frå kl 10.00 for å reservere plass på dei ulike gruppene.

Du kan gjerne møte opp utan å ha reservert plass på førehand, men alle må registrere seg før dei går i garderoben.

Bur du langt frå bassenget og har vanskar med å kome innom på førehand, så kan du ringe badevaktane og reservere tid.

Ha eit godt bad!

SØK OM FRITIDSSTØTTE

Bjerkreim kommune minner om at det fremdeles er mulig å søke om fritidsstøtte.

Barnefamilier kan søke om økonomisk støtte for å dekke kostnader knyttet til fritidsaktiviteter for barn opptil 18 år.

Fritidsstøtten er et samarbeid mellom Bjerkreimsmarken og Bjerkreim kommune. Søknadsskjema ligger på Bjerkreim kommunes nettside under:

Populært > Skjema/søknadssenter > Kultur og fritid > Søknad om fritidsstøtte.

Ved spørsmål, ta kontakt med frivillighets- og folkehelsekoordinator på e-post:

line.pettersen@bjerkreim.kommune.no

JULEGRANTENNING

Tid: fredag 25.11 kl 18.00

Sted: utenfor kulturbanken

Vi teller ned til lysa i juletre og julegate tennes.

Gang rundt juletre, forsangere og musikk fra Bjerkreim kulturskole.

Salg av mat v/ BIL Håndballgruppe, ute på bålpanner eller inne i Kulturbanken alt etter været. (Salg av mat fra kl 17.30, pause i matsalg fra kl 18.00 - 18.20 mens vi går rundt juletreet).

Kle deg gjerne ut som nisse!

Arr: Bjerkreim kommune

INSPIRASJONSKVELD OM MATMILJØET I BJERKREIM

Bli med på en inspirerende og tankevekkende kveld om helsefremmende kosthold til barn og unge! God ernæring tidlig i livet legger grunnlaget for god helse i voksen alder. Samtidig er overvekt en stor folkehelseutfordring, og trenden for overvekt i Bjerkreim er økende. Overvekt er enklere å forebygge enn å behandle, men det krever innsats på flere nivå. Hvordan kan vi alle samarbeide for å skape et mer helsefremmende matmiljø i Bjerkreim?

Pris: Gratis

Dag: Tirsdag 22. november 2022

Tidspunkt: kl. 19:30 - 21:00

Sted: Samfunnshuset på Vikeså

Målgruppe: Alle som serverer mat til barn - foreldre, besteforeldre, barnehager, skoler, SFO, frivillige lag og foreninger, serveringssteder, matbutikker, politikere og andre interesserte



Maja Skogstad

PROGRAM

- Helsetilstand og helseutfordringer i Bjerkreim v/ folkehelsekoordinator Line Pettersen
- Helsestasjonens rolle, erfaringer og tilbud v/ledende helsesykepleier Grethe Berntsen
- Foredrag om fedmefremkallende matmiljø v/«ernæringsmamma» Maja Skogstad
- Oppsummering og veien videre v/folkehelsekoordinator Line Pettersen



FRIVILLIGHETENS DAG + KULTURDAGEN

2022 er frivillighetens år, og for første gang skal Bjerkreim kommune markere frivillighetens dag! Dette blir en festdag for å hedre og takke frivilligheten for all den gode innsatsen som legges ned for andre. Arrangementet er gratis og åpent for alle. Alle som engasjerer seg frivillig er **spesielt** invitert!



Rune Bjerga

INFORMASJON

Dato: søndag 27. november

Tid: kl. 13:30-16:00

Sted: Samfunnshuset på Vikeså

Konferansier: Rune Bjerga

Artist: Elle Melle

Kulturelle innslag: Sang og dans

Matsalg: v/ Polengruppa

PROGRAM

13:30-14:00 (30 min): Matsalg, mingling og frivillighetstorg

14:00-14:45 (45 min): Underholdning og prisutdeling

14:45-15:15 (30 min): Pause med matsalg, mingling og frivillighetstorg

15:15-16:00 (45 min): Konsert med Elle Melle



elle melle

BJERKREIMS-QUIZEN

Årets siste quiz vert onsdag 16. nov. kl.19.00 på Vikeså Veiservice. Quizmaster: Ola Birkeland. Startkontingent: kr. 30,- pr. per. Velkommen til nye og gamle quizarar!

DANSERE TIL SHOW 2023

Bjerkreim Brassband skal ha show i april 2023! Til det trenger vi dansere som har lyst og tid til å være med på en del av innslagene. Danserne må beregne noe øving allerede fra over nyttår, og fra mars omtrent ukentlige øvinger. Vi finner tidspunkt som passer alle når vi ser hvordan gruppa blir. Alle som har lyst å bli med fra 7. kl. og oppover er velkommen på et felles informasjonsmøte 15. nov. i kulturbanken kl. 19.00. For å få bli med må man vise at man har lyst, klarer å følge med og høre etter på beskjeder og vite at man har tid til øvinger. Koreograf er Borghild Hvidsten Gjedrem. Ta gjerne kontakt (tlf 975 30 549)

JULEMØTE HOS SØSTRA TIL MORTEN

22. nov kl 19.00.

Utlodning og riskrem.

Kr 100,- pr. pers.

Alle velkommen.

Arr. Bjerkreim hagelag

BINGO

Bjerkreim Helselag skal ha bingo

9. november i peisestova på Misjonshuset kl 14.00 til ca kl. 16.00.



DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.

Kontakt Ingbjørg Vassbø. Tlf. 486 03 535

FRAMTIDSFULLMAKT

På eldrefesten oppfordra Bent Høie oss til å opprette framtidfullmakt.

Mandag 7. nov. kl. 10 i Skjeraberget folkehelsehus vil Kristine Osland belyse hva den innebærer av fordeler og ulemper.

Servering av kaffi og kringle.

Arr. Fellestrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

ÆTTESOGELAGET

Torsdag 3. november kl. 19.00, på kommunehuset på Vikeså Tidlegare ambassadør til Ukraina, Øyvind Nordsletten, vil fortelja om Ukraina sin historie frå vikingtida og fram til det som er bakgrunnen for krigen og kva som vil/ kan skje nå. Noreg og Kyiv har mykje felles historie.

Langs elvane gjekk ein viktig handelsveg for vikingane til Midt-Østen, og kongane Harald Haråde og Sigurd Jordsalfar fekk sine koner frå Kyiv. Etter matpausen blir det og litt bjerkreimshistorie.

Alle velkomne!

PENSJONISTLAGET VI OVER 60 - GILDT SAMVÆRE!

Torsdag 24. november kl. 14.00 - 17.00.

Stad: Litlesalen, Samfunnshuset.

Velkommen til nytt møte!

Her får du:

- God mat!
- Gildt drøs!
- Song og musikk!
- Innlegg
- Biletrebusar!
- Utlodding!

Alt dette og mykje meir for berre 50 kr.

Alle over 60 frå Bjerkreim og nabokommunar er velkomne.

Takk til SR-bank for sponing av husleige.

Minner og om julemiddag 10/12.

Følg oss på nettsida:

<https://bjerkreim.friskus.com/>

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 2. nov.: Oppmøte kl. 10 v/ rødt bygg v/hallen. Vi prøver den nye frisbeegolfbanen. «Tallerkner» har vi, du trenger bare gode sko og event. en stav siden terrenget er kupert. Dette er nytt for oss alle, men alle kan ha det morsomt. Avslutter med pizza på La Vita. Håper du kommer.

Arr. Fellestrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 10. november kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Det serveres kaffi, te og litt å spise.

Hvis noen vil ta med noe er det fint, men det er ikke nødvendig. Bare kom.

Velkommen alle kvinner!

PREMATURSTRIKK

8. november kl. 19.00.

I Lionsrommet Bjerkreim samfunnshus.

Alle er velkommen!

Arr. Bjerkreim bygdekvinneag

SWINGKURS

Bjerkreim Bondelag og Bjerkreim

bygdeungdomslag ønsker å by opp til dans.

Swingkurset blir over to kvelder.

31. oktober og 2. november kl. 19.00 - 21.30.

Alle kan melde seg på! Velkommen som par eller singel, en dansepartner finner vi til alle.

Begrenset antall plasser.

Pris: kr 200 per pers.

Påmelding via sms til Kine Lie på

tlf. 477 15 283

OPEN GARD

Velkommen til Open gard hos Livar og

Anne Gro Fuglestad søndag 20. nov.

kl. 12 - 16.

Adresse: Gamle Bjerkreimsveg 34.

Alle er velkomne til morsomme og lærerike gårdsopplevelser. En flott anledning for store og små til å se, oppleve og lære om norsk landbruk og hvor maten kommer fra. Det blir juletema med juleverksted, grøt og gløgg. Kanskje kommer nissen også?

Arr: Bjerkreim Bondelag og Bygdekvinneag sammen med Gjesdal

JULEVERKSTAD

Juleverksted hos Anne Rita for medlemmer

av Bjerkreim bygdekvinneag 15. november

kl. 18.30.

Materialkostnad til krans.

Påmelding til Liv Karin 917 29 184.

Begrenset antall plasser.

FRILUFTSKVELD

30. nov kl 17.30

Rusletur inn til gapahuken på Foreneset hvor

det serveres grøt over bålet og varm drikke.

Liten aktivitet av Bygdekvinneag.

Varmt velkommen!

Arr. Dalane friluftsråd

BJERKREIM HØYRE

Velkommen til årsmøte og

Nominaasjonsmøte i Bjerkreim Høyre.

15. november kl. 19.00 i Lions sine lokaler.

Enkel servering.



NYTTÅRSFEST 31.12.22

På Vikeså Misjonshus

Kl. 19.00 - 01.30

Er du ny i Bjerkreim?

Feirer du nyttårsaften alene?

Er du voksen - med eller uten familie?

Da er du hjertelig **VELKOMMEN** til fest!

Vi spleiser, dvs. alle tar med litt mat hver til buffeten.

Festen er gratis - og alkoholfri.

Program:

Buffet

Sang og musikk

Leker og underholdning

Nyttårs-taler

Kort andakt

Kaffe og kaker

Fyrverkeri

Antrekk: Fint

Påmeldingsfrist: Onsdag 7.12.22

Maks antall: 60 personer

Påmelding til:

Irene Thorberg mob. 482 33 025

Gry Songe Kittelsen mob. 905 78 064

Arrangør: «Nyttårgjengen»

BASAR

Basar på Bjerkreim bedehus

fredag 4. nov. kl. 19.00

Tale ved Klaus Muff.

Song av Monica Vassbø.

Hovudtrekking og åresal,

med m.a.kransekaker

Enkel servering

Velkommen.

Arr. Bjerkreim NMS

VIKESÅ MISJONSHUS

02. kl. 17.30 Global kafe

02. kl. 20.00 Bønnesamvær

06. kl. 11.00 Søndagssamling og søndagsskule

05. kl. 20.00 Fredagsklubben

09. kl. 14.00 Bingo Helselaget

09. kl. 19.30 Samtalemøte

14. kl. 19.00 Yngres og Korvetten

10. kl. 14.00 Bingo Helselaget

10. kl. 19.30 Samtalemøte

15. kl. 19.30 Logos, bibeltime

16. kl. 17.30 Global kafe

20. kl. 11.00 Søndagssamling og søndagsskule

25. kl. 20.00 Fredagsklubben

28. kl. 19.00 Yngres og Korvetten

30. kl. 17.30 Global kafe

BJERKREIM BEDEHUS

2. kl. 09.30 Minsten (onsdag)

4. kl. 12.00 Babysang

4. kl. 19.00 Basar NMS

4. kl. 20.00 Fredagstreff i kjellaren

5. kl. 19.30 Møte Lys over land

7. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget

8. kl. 09.30 Minsten (tysdag)

9. kl. 17.30 Global kvelds

9. kl. 19.30 Møte NLM

10. kl. 19.30 Møte NLM

11. kl. 19.30 Møte NLM

12. kl. 18.00 Lørdagskveld med kveldsmat kl. 18.45 Møte NLM med barnesamling

13. kl. 11.00 Endelig søndag NLM

kl. 11.20 Søndagsskule

14. kl. 19.00 Yngres

15. kl. 19.30 Logos på Vikeså

16. kl. 09.30 Minsten (onsdag)

18. kl. 12.00 Babysang

18. kl. 19.30 Møte Israelsmisjonen

21. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget

22. kl. 09.30 Minsten (tysdag)

23. kl. 17.30 Global kvelds

26. kl. 19.30 BKU i kjellaren

27. kl. 11.00 Endelig søndag NLM

kl. 11.20 Søndagsskolen

28. kl. 19.00 Yngres

30. kl. 09.30 Minsten (onsdag)

LYS OVER LAND

Bjerkreim Bedehus lørdag 5. november

kl.19.30: Kretssekretær Odd Eivind Høyvik talar. Song av Egersund Musikklag

6. november kl.11.00 talar Odd Morten Svendsen frå Kvitsøy på Søndagssamling på Vikeså Misjonshus. Misjonsinformasjon og kollekt.



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER:

Sundag 6. november kl. 19.30.
Minnegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Sundag 13. november
IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 20. november kl. 11.00.
Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje.
Lys Vaken deltek.

Sundag 27. november kl. 11.00.
Familiegudsteneste i Ivesdal kyrkje

DØYPTE:

02.10.22 Evelina Halvorsen Bø
(i Frøyland og Orstad kyrkje)

VIGDE:

24.09.22 Alide Lione Nijzink og
Thomas Lauperak

DØDE:

07.10.22 Sven Olav Olsen

JULEHJELP

Er det vanskelig å få endene til å møtes? I samarbeid med Frelsesarmeen Egersund tilbyr vi «julehjelp» i Bjerkreim i år også. Julehjelpen består av en matkasse fra Godt Levert, samt gaver som har blitt lagt under juletreet på Amfi i desember og innsamlede matvarer fra handlevogn på Coop Extra.

Handlevognen blir stående fra 1. desember.

Mer info om hvordan du kan støtte og hvordan du kan søke om støtte finner du på bjerkreimkyrkja.no/aktuelt/julehjelp.

OBS: Søknadsfrist: 1. desember.

LYS VAKEN

Laurdag 19. og søndag 20. november er det duka for Lys Vaken i kyrkja.

Då får alle barn på 4. trinn høve til å feira «nyttår» i kyrkja, vera lys vakne for kvarandre og for Gud!

Alle 9-åringar (født 2013) i soknet er hjarteleg velkomne.

UTDELING AV 3-ÅRSBØKER!

Me vil ha ei samling for 3-åringane (født 2019) der me vil dele ut bok inkludert puslespel, høyra bibelhistorie, syngja og eta kjeks, gullfisk og frukt.

Det skjer laurdag 19. november kl. 10 - 11.30 i Bjerkreim kyrkje.

Påmelding: post@bjerkreimkyrkja.no

NB: Vi sender ut invitasjonar til kyrkja sine medlemmer i dei aktuelle målgruppene, men alle er velkomne til våre trusoppplæringstiltak uavhengig av medlemskap i kyrkja.

Ynskjer du å koma på mottakarlista, ta gjerne kontakt med oss!

JULEKONSERTEN 2022

I år er julekonserten søndag 18. desember kl 18.30. Alle er velkomne!

DINE TING?

Fine ting kan bli gløymt i kyrkja. Dette har samla seg opp i Bjerkreim kyrkje. Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom noko er ditt.



SØKNAD OM OFFER TIL LOKALE LAG

Soknerådet tildeler offer for 2023 i desember. Frist for å søkje om offer er 20. november.



Foto: unsplash

LYS I MØRKE

Kvifor må vi stå opp, det er jo natt endå? Dette sa son min på 7 til meg den fyrste haustmorgonen det fortsatt var mørkt ute. Han har budd dei siste fem åra på ein stad der dagslyset er mykje meir stabilt med tanke på soloppgang og solnedgang. Eg måtte forklara at sjølv om det var mørkt, var det faktisk morgon, og at me måtte kome oss av stad til skulen om ikkje lenge. Det var ikkje så enkelt å forstå, og han sette ekstra pris på at eg fylgde han på den mørke skulevegen.

Eg hørde på radioen at 600 000 nordmenn lir av haustdepresjon i varierende grad. Mørket gjer noko med oss, påverkar hormona til og med. Nokon vil sove meir, nokon vil trene meir, medan dei fleste lever som før, men med tjukkare fottøy og klede. Vi ser at naturen rundt oss endrar seg når hausten kjem. Sjølv om eg ikkje er særleg tilhengar av kalde temperaturar, sett eg umåteleg stor pris på dei vakre bileta naturen skapar om hausten, med lauvtree sine vakre fargespel. Dette er for meg ei påminning om at Gud skapar, sjølv når mykje rundt oss gjer seg klar for vinter.

For dei som strever med haust og vinter, er det godt å tenke at sumaren kjem att.

Jesus sa: Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys (Joh 8,12). Kvar gang nokon blir døypt seier me desse orda, medan me tenner dåpslyset. Vi kan tenne lys inne når det er mørkt ute. Men også vi blir kalla til å vere lys, der vi er.

ETABLERARKURS 2. NOVEMBER KL. 19.00

Går du med ein draum om å stifta ditt eige selskap og driva for deg sjølv?

Bjerkreim kommune og næringshagen TEAL inviterer til eit GRATIS minikurs for deg som har tankar om å starta eigen bedrift. Meld deg då på kurset på kommunehuset den 2. november frå kl. 19.00 til 21.00. Her får du tips til kva som skal til for å lukkast.

Tema er bl.a:

- Ideavklaring
- Forretningsmodell
- Struktur og framdrift
- Selskapsformer
- Nyttige råd og tips

Påmelding innan 30. oktober til Gerd Sigveland Engelsgjerd på gerdse@bjerkreim.kommune.no eller på sms til 976 18 519.



TRE TIMAR GRATIS RETTLEIING VED NYETABLERING

Bjerkreim kommune har samarbeidsavtale med TEAL om 3 timar gratis rettleiing for alle nyetablerarar. Ta kontakt med Gerd SE på 51 20 11 70 eller 976 18 519 så set ho opp ein timeavtale på eit møterom her på kommunehuset.



DESTINASJON BJERKREIM - STAND PÅ MARKEN

I år hadde Destinasjon Bjerkreim stand på Marken for første gong. Standen hadde ei god plassering, og vart godt besøkt 😊

Heile 94 personar deltok på konkurransen med å finna og få signatur av minst 5, 10 eller 15 medlemsbedrifter som hadde stand på Marken. For å få nok signaturar til 15 firma, måtte del-takarane ned i sentrum til dei medlemmane som har helgeope som bl.a. Coop, Esso og Circle K.

Desse vart trekte ut som heldige vinnarar av konkurransen:

1. Ullpledd med sau og lam kjøpt på Pittergarden: Jane Rønning, som hadde fått signatur av 15 bedrifter
2. Kopp DBj - Desse 5 hadde også fått 15 signaturar, og vi gav dei ein kopp som trøstepremie: Hanne Marie Halvorsen, Sunniva Vassbø Sæth, Frida Osland, Ruby og Una Skutlaberg
3. Dagskort Stavtjørn Alpin: Lena Versland Nærland og Kristian Hegland
4. Sitjeunderlag i saueull frå Versland Gard: Anne Gilje

PLANTEVERN KURS VÅREN 2023

Om du er ny bonde som har behov for sprøytebevis, eller har tatt kurset før og treng fornying, så arrangerer NLR-Dalane dette på Landbruksenteret på Helleland:

- **1. gongskurs:**
Torsdag 9., 14. og 16. februar kl. 18.30 og laurdag 18. februar kl. 9.00 - 14.15.
- **Fornying av autorisasjonsbevis:**
Kveldskurs med undervisning
Måndag 13. og torsdag 16. februar kl. 18.30.

Påmelding og meir info hjå NLR Rogaland på 970 14 117, birgitt.harstad@nlr.no eller <https://rogaland.nlr.no>

INFORMASJON

kaffe bestiller du her:
HÅNDBRENT.NO
leveres på din dør i Bjerkreim

PITTERGARDEN VIKESÅ ☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk
Lokaler med særpreg:
Årsmålsdager, events, konserter.
Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn
Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804



Gitar og Handverk DA

Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreparasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO

FOTOSTUDIO  RAMMEVERKSTED

Han med hatten

FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL KLINIKKEN PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ
VEISERVICE AS

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!